Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato
25.10.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/12807
Dykkar referanse
Tore Jarl Nesse

Norsk Gjenvinning Industri AS Avd. Knarrevik
Knarrevik Næringspark
5355 Knarrevik

Rapport frå inspeksjon ved Norsk Gjenvinning Industri AS Avd. Knarrevik

Dato for inspeksjonen: 2. oktober 2013
Rapportnummer: 2013.069.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda: Tore Jarl Nesse (køyreleiar), Ellen Palmgren (HMSK-sjef), Tore Johannessen (formann og operatør) og Morten Sande (HMS-ansvarleg)	Frå Fylkesmannen i Hordaland: Astrid Holte Nina Vadøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart gitt under inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann følgjande avvik under inspeksjonen:

- Verksemda handterer ikkje det farlege avfallet sitt i samsvar med krav
- Verksemda har ulovlege utslepp til vatn
- Internkontrollen til verksemda har manglar

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 4 som vart funne under denne inspeksjonen og at praksisen må rettast opp snarast. Gjennomføringa av tiltaka kan derfor bli følgt opp med ny kontroll. Avvika og merknadane er nærare omtalte frå side tre og utover i rapporten.

Vi ber Norsk Gjenvinning Industri AS om ei skriftleg tilbakemelding innan **1. februar 2014** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg e.f.
senioringeniør

Nina Vadøy
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Fjell kommune

Informasjon om verksemda

Ansvarleg verksemd

Organisasjonsnr. (undereining): 985 997 802	**Eigd av (org.nr.):** 952 070 533
Besøksadresse: Knarrevik Næringspark, Fjell	**Telefon:** 09600
Bransjenr. (NACE-kode): 38.120 – Innsamling av farleg avfall	**E-post:** post@norskgjenvinning.no

Kontrollert anlegg

Namn: Norsk Gjenvinning Industri AS Avd. Knarrevik	**Anleggsnr.:** 1246.0101.02
Kommune: Fjell	**Anleggsaktivitet:** Farleg avfall – mottak og mellomlagring
Fylke: Hordaland	**Risikoklasse:** 4
Løyvet sist oppdatert: 24. april 2007	**Saksnr.:** 2013/12807

Bakgrunnen for inspeksjonen

Det vart gjennomført ein nasjonal tilsynsaksjon av anlegg som tar imot og mellomlagrar farleg avfall i veke 38 og 39 i 2013. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsynsaksjonar i 2004, 2006 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- ☒ Mottakskontroll avfall
- ☒ Handtering – under dette lagring av farleg avfall
- ☒ Vidarelevering av farleg avfall
- ☒ Utsleppskontroll
- ☒ Avvikshandsaming
- ☒ Risikovurdering
- ☒ Oppfølging av tidlegare kontroll

Statusen til rapporten: Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen og gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. Vi ber Norsk Gjenvinning Industri AS om ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon innan 1. februar 2014 på at avvika er retta. Send gjerne dokumentasjon i form av bilete.

Fylkesmannen understrekar at vi ser alvorleg på avvik 4 som vart funne under denne inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka kan derfor bli følgt opp med ny kontroll.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. februar 2014, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommentarar til varselet kan de sende til Fylkesmannen innan 2 veker etter at de har fått denne rapporten, jf. § forvaltningslova § 16.

Kontrollgebyr for verksemd med løyve

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil ein dags varigheit i verksemder med løyve. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse (tidlegare kalla kontrollklasse) 4. Dette utgjer 4 500 kroner.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Avvik

Følgjande avvik vart funne under Fylkesmannen sin inspeksjon:

☐ Avvik 1: Mottakskontrollen av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

Avfallsforskrift kapittel 11 (§§ 11-5, 11-6, 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9 og 11-13)
Internkontrollforskrifta § 5
Løyve gitt i medhald av avfallsforskrifta § 11-6, jf. forureiningslova § 11 og § 29.

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

☐ a) Verksemda handterer farleg avfall utan nødvendig løyve frå Fylkesmannen.
(Avfallsforskrifta § 11-6)

☐ b) Verksemda tek imot farleg avfall som ikkje er dekka av eksisterande løyve.
(*Avfallsforskrifta § 11-6,og løyvet)*

☐ c) Verksemda har ikkje etablert mottakskontroll ved mottak av farleg avfall.
(*Internkontrollforskrifta § 5*)

☐ d) Kontrollen til verksemda med utfylling av deklarasjonsskjema er mangelfull. *(Avfallsforskrifta § 11-13)*

☐ e) Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkeleg til å hindre at motteke farleg avfall blir blanda med andre typar farleg avfall eller ordinært avfall. *(Internkontrollforskrifta § 5, jf. avfallsforskrifta § 11-5)*

☐ f) Verksemda blandar farleg avfall med ordinært avfall. *(Avfallsforskrifta § 11-5)*

☐ g) Verksemda har ingen journal for motteke farleg avfall. *(Vilkår i løyvet)*

☐ h) Journalen til verksemda for motteke farleg avfall er mangelfullt utfylt. *(Vilkår i løyvet)*

Kommentarar:

☒ Avvik 2: Verksemda handterer ikkje det farlege avfallet sitt i samsvar med krav.

Avvik frå:
Avfallsforskrifta kapittel 11 (§ 11-5)
Løyve gitt i medhald av avfallsforskrifta § 11-6

Grunnlaget for avviket er krysset av og kommentert under.

☐ a) Verksemda handterer farleg avfall på område som ikkje er dekka av løyvet. *(Avfallsforskrifta § 11-6 og løyvet)*

☒ b) Verksemda overskrid lagringstida for farleg avfall. *(Vilkår i løyvet)*

☐ c) Verksemda lagrar større mengder farleg avfall enn tillate på anlegget. *(Vilkår i løyvet)*

☒ d) Farleg avfall blir lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp. *(Avfallsforskrifta § 11-5 og vilkår i løyvet)*

☒ e) Farleg avfall blir lagra i emballasje som ikkje egnar seg/eller er skadd. *(Avfallsforskrifta § 11-5)*

☐ f) Verksemda har ikkje system for merking/tilsvarande system for å halde orden på lagerplass for farleg avfall. *(Vilkår i løyvet eller avfallsforskrifta § 11-5)*

☐ g) Farleg avfall (sam)lagrast slik at det er fare for farleg kjemisk reaksjon. *(Avfallsforskrifta § 11-5)*

☐ h) Farleg avfall er ikkje sikra mot uvedkommande utanom opningstida. *(Avfallsforskrifta § 11-5)*

Kommentarar:

2b) Dokumentasjon tilsendt frå verksemda etter tilsynet viser at 6 693 kg farleg avfall (syrer og baser) fordelt på 4 leveransar var lagra meir enn 1 år. Det eldste avfallet var levert inn 22. desember 2011. Det er opplyst at avfallet blir sendt til destruksjon snarleg.

2d) Under tilsynet observerte vi at noko farleg avfall stod utanfor betongen på grunn av manglande plass ved lageroppbygging. Sjå døme på dette på bilete 1, 2 og 3.

2e) Vi observerte lekkasje frå fat inne i hall på basisk område. Søl frå lekkasje gjekk til oljeutskiljar. Sjå bilete 4. Det stod også eit lite fat som lak bremseveske på asfalten, sjå bilete 3. Fatet var ikkje skjerma mot vêr og vind.

☐ Avvik 3: Farleg avfall blir ikkje levert vidare til aktør med løyve til å handtere farleg avfall.

Avvik frå:

Løyve gitt i medhald av avfallsforskrifta § 11-6, jf. forureiningslova § 11 og § 29.
Avfallsforskrifta kapittel 11
Avfallsforskrifta kapittel 13
Forureiningslova § 7
Internkontrollforskrifta § 5

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

☐ a) Verksemda leverer farleg avfall til aktør utan løyve. *(Forureiningslova § 7, avfallsforskrifta § 11-8 og vilkår i løyve)*

☐ b) Verksemda eksporterer farleg avfall utan skriftleg samtykkeerklæring (*Avfallsforskrifta kap.13, jf. forordning (EF) nr. 1013/2006 artikkel 3*)

☐ c) Verksemda handsamar <type avfall> i form av <type handsaming> utan å ha løyve til dette. *(Avfallsforskrifta § 11-6 og løyvet)*

☐ d) Verksemda kan ikkje gjere greie for kvar det er vorte av <tonn> farleg avfall i 2009. *(Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7)*

Kommentarar:

☒ Avvik 4: Verksemda har ulovlege utslepp til vatn.

Avvik frå:
Forureiningslova § 7

Grunnlaget for avviket er krysset av og kommentert under.

☐ a) Det er stor fare for at forureina overflatevatn kan føre til skade på resipient eller grunn. (*Avfallsforskrifta § 11-5 og forureiningslova § 7 første ledd*)

☐ b) Oljeutskiljar blir ikkje tømt regelmessig og dette kan føre til forureining av resipienten. (*Forureiningslova § 7*)

☒ c) Verksemda drenerer vatn frå tankar med farleg avfall og slepp dette til sjø over oljeutskiljar. (*Forureiningslova § 7* første ledd)

☐ d) Verksemda har utslepp som er høgare enn utsleppsgrensene i løyvet. (Vilkår i løyvet)

Kommentarar:

4c) Verksemda har tre slambingar for oljeholdig avløpsvatn. I to av bingane blir det teke imot oljeforureina farleg avfall frå oljeutskiljarar til kundar. Verksemda settlar og drenerer vatn frå desse to slambingane og overfører vatnet til den tredje bingen. Den tredje bingen blir også tilført oljeholdig vatn etter vask av verksemda sine eigne bilar og overflatevatn. Verksemda opplyste at dei settlar og drenerer vatn også frå den tredje bingen, men vatnet blir slept over oljeutskiljar til sjø. Dokumentasjon tilsendt frå verksemda etter tilsynet viser at total mengd inn i slambingane siste 12 månader er 552 066 kg og at total mengd avfall ut frå slambingane siste 12 månader er 236 380 kg. Det står ikkje opplyst kor mykje av dette som er slept over oljeutskiljar til sjø.

Settling og drenering av vatn frå oljeholdig avløpsvatn ligg utanfor rammene for eit løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall. Ein oljeutskiljar har så godt som ingen effekt på forureining løyst i vassfasen, og blir ei altfor enkel reinsing av avfallsvatn som i utgangspunktet kan innehalde det meste. Dette er ei form for handsaming som krev løyve frå Miljødirektoratet.

Verksemda har i etterkant av tilsynet informert at dei vil endre praksisen.

☒ Avvik 5: Internkontrollen til verksemda har manglar.

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6 og 7
Forureiningslova § 40 første ledd.

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

☐ a) Verksemda kjenner ikkje til pliktene sine for handtering av det farlege avfallet sitt (nr. 1)

☐ b) Opplæringa og kompetansen er mangelfull (nr. 2)

☐ c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall eller rutinane er mangelfulle (nr. 7)

☒ d) Verksemda har ikkje rutinar for avvikshandtering/tilbakemelding til avfallsprodusenten ved feildeklarering (nr. 7)

☐ e) Det er ikkje sett i verk rutine for tilstandskontroll av lagringstankar (nr. 6/7)

☒ f) Verksemda utfører ikkje tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine og har mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskte hendingar (nr. 6)

☐ g) Beredskapen ved uhell er mangelfull. (Forureiningslova § 40)

☐ h) Anna /utdjuping

Kommentarar:

5d) Verksemda har ingen registrerte avvik for 2013. Fleire av avvika frå 2012 var ikkje lukka. Verksemda opplyste at dei jobba med å betre bruken av avvikssystemet.

5f) Verksemda har ei risikovurdering som var sist oppdatert i mars 2013. Fleire aktivitetar som omhandlar ytre miljø er teke med. Følgjande situasjonar/aktivitetar er ikkje risikovurdert (lista er ikkje uttømmande):

- Søl og lekkasje av flytande avfall som ikkje er oljeholdig til oljeutskiljar
- Lagring av farleg avfall på asfalt og utan tak ved lageroppbygging
- Lekkasje frå tankar innanfor ringmuren vil gå med regnvatn til oljeutskiljar
- Fare for grunnforureining, sjå bilete 5

Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Andre forhold /kommentarar:

Verksemda har teke imot gassflasker, nødbluss, fyrverkerirestar og infeksjonsfremmande stoff. Dette er utanfor Fylkesmannen sitt mynde. Eksplosivar er regulert gjennom eksplosivforskrifta. Smittefarleg avfall er regulert gjennom forskrift om smittefarleg avfall frå helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.

Fylkesmannen fekk inntrykk av at verksemda har ei godt system for lagerstyring. Det var ryddig og oversiktleg under tilsynet.

Verksemda har eit løyve frå 24. april 2007. Løyvet treng oppdatering og Fylkesmannen vil varsle revidering av løyvet i eige brev.

Bilete:

Alle bileta er teke av Fylkesmannen i Hordaland under tilsynet.

Bilete 1

Bilete 2

Bilete 3

Bilete 4

Bilete 5